



# ÅRSPLAN FOR NATÅS BARNEHAGE 2017/2018

SATSINGSOMRÅDET  
dette året vil vere  
«Dei Utrulege Åra».

## Innhald:

Innhald:.....	1
Innleiing.....	3
Kort om Natås Barnehage SA.....	4
Tilsette i barnehagen er: .....	5
VÅR VISJON ER:.....	6
«Dei utrulege åra» - DUÅ.....	7
Barnehagen verdigrunnlag.....	8
Barnehagens formål og innhald.....	8
<b>Omsorg er ein føresetnad for barnas tryggleik og trivsel</b> .....	8
<b>Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen</b> .....	8
<b>Danning</b> .....	8
<b>Barnehagen skal fremme læring</b> .....	9
Sosial kompetanse - vennskap og fellesskap.....	9
Barns medverknad.....	10
Samarbeid mellom heim og barnehage .....	10
Daglege møter .....	10
Foreldresamtalar .....	10
Foreldremøter .....	10
Foreldrebesøk i barnehagen .....	10
E-barnehage .....	10
Foreldremedverknad .....	11
Foreldreråd og samarbeidsutval.....	11
Overgangen frå barnehage til skule .....	11
Tradisjonar i Natås barnehage .....	12
Haustakkefest.....	12
Halloween .....	12
Gardsbesøk.....	12
Nisselfest .....	12
Kyrkjebesøk eller besøk av «kyrkja» .....	12
Luciadagen .....	13


<b>Fastelavn .....</b>	<b>13</b>
<b>Karneval .....</b>	<b>13</b>
<b>Samefolketsdag .....</b>	<b>13</b>
<b>Påskelunsj .....</b>	<b>13</b>
<b>Nasjonaldagen vår .....</b>	<b>13</b>
<b>Rosaruss .....</b>	<b>13</b>
<b>Sommarfest .....</b>	<b>13</b>
<b>Trafikksikker barnehage.....</b>	<b>13</b>
<b>Fagområda.....</b>	<b>14</b>
<b>Kommunikasjon, språk og tekst .....</b>	<b>14</b>
<b>Kropp, bevegelse, mat og helse .....</b>	<b>15</b>
<b>Kunst, kultur og kreativitet .....</b>	<b>16</b>
<b>Natur, miljø og teknologi.....</b>	<b>16</b>
<b>Tal, rom og form .....</b>	<b>17</b>
<b>Etikk, religion og filosofi.....</b>	<b>18</b>
<b>Nærmiljø og samfunn.....</b>	<b>18</b>
<b>Vurdering.....</b>	<b>19</b>
<b>Dokumentasjon .....</b>	<b>19</b>
<b>Minneperm .....</b>	<b>19</b>
<b>Bilete .....</b>	<b>19</b>
<b>Observasjon og kartleggings materiell.....</b>	<b>19</b>
<b>Praktisk informasjon .....</b>	<b>20</b>
<b>Opningstider: .....</b>	<b>20</b>
<b>Ferieavvikling for barn .....</b>	<b>20</b>
<b>Dagsrytme .....</b>	<b>21</b>
<b>Matservering.....</b>	<b>21</b>
<b>Sjukdom og helse.....</b>	<b>21</b>
<b>Diverse informasjon.....</b>	<b>22</b>
<b>Samarbeid med andre instansar .....</b>	<b>22</b>
<b>Praksisbarnehage.....</b>	<b>22</b>
<b>Barnehageruta 2017/2018.....</b>	<b>23</b>

## Innleiing

Årsplanen vår bygger på Barnehagelova og Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, som er ei forskrift til Barnehagelova. Dette året er det kome revidert Rammeplan som trer i kraft 1. august 2017.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og skal innehalde informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar av barnehagen, til politikarar, kommunen, barnehagen sine samarbeidsparter og andre interesserte. Årsplanen er utgangspunkt for foreldra sin mogelegheit til å påverke innhaldet, samt grunnlag for det kommunale tilsynet. Årsplanen skal gje ein konkret framstilling av korleis vi varetar samfunnsmandatet vårt og korleis vi vil føl opp, dokumentere og vurdere innhaldet i barnehagelova. På denne måten blir årsplanen eit viktig bindeledd mellom barnehage og samfunn.

Arbeidet med å tilpasse årsplanen til rammeplanen er ein kontinuerleg prosess ettersom verksemda stadig er i utvikling. Dokumentasjon, evaluering og vurdering blir på denne måten ein viktig del av årsplansarbeidet. Årsplanen blir evaluert kvart år og vert godkjend av barnehagens samarbeidsutval. Vi gjer merksam på at endringar kan førekome i løpet av barnehageåret.



## Kort om Natås Barnehage SA

Natås Barnehage har 36 plassar frå 0-6 år, fordelt på to avdelingar, Lamungane 1-3 år og Prestekraken 3 - 6 år. Prestekraken har dette året 21 barn som igjen er delt inn i tre grupper etter alder; Solsikkene, Blåklokkene og Førskulebarna. Avdelinga er organisert i ulike variablar i løpet av veka . Gruppene har litt eigen tid, spesielt førskulegruppa. Lamungane består dette året av 6 barn frå august og 7 barn frå november.

Lokala leiges av Natås grendehus. Barnehagen har ein eigen «Camp» ved veggen mot Vabønes, som er base for mange av turane i nærområdet. Der er det satt opp gapahuk og bålpanne. I tillegg er vi så heldig å ha eit skogsområde like bak barnehagen, med tilkomst utan å kryssa trafikkert veg. Vi har muligkeit for å gå til sjøen ved Sævråsvåg og andre turområder nært barnehagen.



Ved sjøen på Sæverås



Kyrne ligg rett utanfor barnehagen

Natås Barnehage SA er ein foreldreeigd barnehage, som foreldra driv gjennom eit styre. Styret har ansvar for personale og økonomi. Styrar har ansvaret for den daglege drifta av barnehagen. Barnehagen skal ha eit foreldreråd som består av foreldra/føresette til alle barna i barnehagen, samt eit samarbeidsutval med representantar frå foreldre og tilsette. Su skal vere eit bindeledd mellom foreldregruppa og barnehagen. Sjå elles vedtekter for nærmere informasjon.

## Tilsette i barnehagen er:

Styrar:	Kristin O. Bredholt 100%
Pedagogisk leiar Prestekrageren:	Sarah Knuver Presthus 100 %
Pedagogisk leiar Lamungane:	Henriette Eide 100%
Barne - og ungdomsarbeider:	Rita Johnsen 80 % Eva Tvedt 60% (studerer til barnehagelærar 40%) Veronica Oppedal 40% (studerer til bhg.lærar 40%) Rita Kjenes Hauge 100 % Wibeche Lieske 100%
Faste vikarar:	May-Britt Carlsen Joanna Kulik
Reinhaldar:	Joanna Kulik 26%
Regnskap:	Accountor
Revisor:	Nordhordland Revisjon as

### Styret:

Styreleiar:	Eirin Buene
Nest leiar:	Elin Kaspara Lie
Styremedlem:	Arild Reigstad Randi Sletten Flæsland
Vara medlem:	Camilla Fjellsbø Kvamme Cathrine Tvedt Nordanger
Tilsette sin representant:	Veronica Oppedal

Foreldrerepresentantane til Samarbeidsutvalet vert valt på foreldremøtet om hausten.

Alle verv og tilsette er underlagt teieplikta.

VÅR VISJON ER:

## LATTER, LEIK OG LÆRING


**I Natås barnehage vil vi at alle skal  
kjenne seg velkomne til eit stimulerande miljø  
prega av glede og læring gjennom leiken**

Vi vil at alle som kjem inn i barnehagen vår skal kjenne seg sett og godt mottatt. Barna skal bli møtt med respekt og bli anerkjend for den dei er. Vi ønskjer at dei skal føle seg som ein viktig del av barnehagen sitt fellesskap, der kvar dagen er fylt med glede, humor og gode opplevingar.

Vi vaksne i barnehagen vil jobbe for å skape ein trygg og god relasjon til alle barn. Vi ser på barnet som eit fullverdig menneske alt frå fødselen, som skal anerkjennast med alle sine tankar, følelsar og behov. Barnet sin trivsel vert påverka av relasjonelle forhold på godt og vondt. Barnas utvikling skjer i samspel med andre og er påverka av dei følelsesmessige forholdet mellom dei. Det er den vaksne som har ansvaret for at relasjonen er god. Relasjonen mellom barna vert viktigare etter kvart som dei vert eldre. Barnehagen vil arbeidet utifrå mottoet: **Alle treng ein venn.**



## «Dei utrulege åra» - DUÅ



DUÅ sin læringspyramide

Lindås kommune starta i 2011 ei satsing på kompetanseheving hjå personalet i alle barnehagane i kommunen gjennom kursrekka «Dei utrulige åra». Natås barnehage er ein av dei siste barnehagane som deltar i opplæringa som går over barnehageåret 2017/2018 med 6 ulike «workshops» med mellomarbeid. Kursrekka er i regi av Lindås PPT i samarbeid med Universitetet i Tromsø.

Programmet har fokus på å styrkje barns sosiale og emosjonelle kompetanse. Det skal også styrke personalet sin kompetanse i førebygging og handtering av åtferdsproblem, samt gruppeleiing inklusive ulike proaktive læringsstilnærmingar. Dette vert i stor grad gjort gjennom bevisst bruk av ros, positiv merksemd og positive leiingsstrategiar.

Relasjonsbygging er viktig og det blir jobba med å styrke voksen-barn relasjonen. Der vil vi aktivt nytta leiken som middel i relasjonsbygginga. DUÅ omhandlar også å styrkje samarbeidet mellom barnehage og heimen.

DUÅ er utvikla i USA av Carolyn Webster-Stratton, og det er der gjennomført studiar som dokumenterer god effekt av programmet.

**Natås barnehage sitt satsingsområdet vert dette barnehageåret å implementere «DUÅ» til barnehagekvardagen.**

Du kan lese meir om DUÅ her <http://dua.uit.no/>

## **Barnehagen verdigrunnlag**

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (Barnehageloven § 1 Formål).

Vi i Natås barnehage vil formidle grunnleggjande verdiar som respekt for kvarandre, retten til å vere ulik, nestekjærleik og tilgjeving. Vi trur vi på det unike i kvart barn. Alle er ulike men har lik verdi og dei same rettigheter til å bli sett og høyrt. Ved å møte barna på ein respektfull og god måte, trur vi at vi vidareformidlar verdiar som barna tek med seg vidare i livet. Vi ønskjer å formidle respekten for naturen og alt levande vesen.

## **Barnehagens formål og innhald**

### **Omsorg er ein føresetnad for barnas tryggleik og trivsel**

Omsorg handlar først og fremst om vaksne sin plikt til å dekkje alle barns primære behov og bygge tette relasjonar som skapar trygge barn. Omsorg handlar og om omsorga som barna viser kvarandre, det å gje og få omsorg er grunnlag for å utvikle sosialkompetanse og ein viktig lerdom for resten av livet.

I Natås barnehage jobbar vi mot at barna skal oppleve omsorg som ein del av sin kvardag. Vi ønskjer å skape ein trygg kvardag der det er tid og rom for at kvart enkelt barn skal bli sett, forstått og respektert. Barna skal oppleve gode og trygge situasjonar gjennom heile barnehagedagen og få den støtte og hjelp dei har behov for.

### **Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen**

Leiken er barnas eigen fristad. Den er indremotivert og ein av barnas største læringsarena. Her prøver barna ut ulike roller og vert kjend med seg sjølv og menneska rundt dei. I leiken er det barna som er eksperten.

Å få delta i leik legg grunnlag for å skapa venskap og å få del i fellesskapet. Det er dei vaksne sitt ansvar å sjå til at alle barna deltek i leiken og å støtte og inspirere der det trengst. I Natås barnehage vil vi setje av tid og rom i barnehagekvardagen til den viktige leiken, både inne og ute. Personalelet vil inspirere, støtte og delta i leiken for å gje den gode vilkår.

Vi vil dette barnehageåret ha faste leikegrupper kvar veke som skapar trygge rammer for sosiale og språklege samhandlingar, samt ein arena for utvikling og læring.

### **Danning**

I Natås barnehage ønskjer vi å støtte barn til å vere utforskande og nysgjerrige på verda rundt seg. Vi vil hjelpe dei til å bli trygg på seg sjølv og ta modige og reflekerte val for seg og andre. Barna skal utvikla seg og modnast til å bli den beste utgåva av seg

sjølv. Her skal personalet vera medmenneske og rettleiarar på barnet sin veg mot å finna sin identitet.

Barnehagen skal fremme samhold og bidra til at barna får ein forståelse av felles verdier og normer i barnehagen, men og i samfunnet elles.

Gjennom danning vert grunnlaget for barnets allsidige utvikling lagt.

### **Barnehagen skal fremme læring**

Barnehagen skal vere eit stimulerande miljø som møter barns lyst til å leike, utforske, lære og meistre på ein anerkjennande måte. Barnehagen skal presentere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar for barna som bidrar til ny kunnskap og meiningsfulle samhandlingar. Personalet må vere aktive i samhandlingane og dele av sin kunnskap.

Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer, både i formelle og uformelle, situasjonar. Personalet må vere aktiv i kvar dagssituasjonar der barn er undrande, nysgjerrig og viser initiativ til å søkje ny lærdom. Dei må undre seg saman med barna og dele av kunnskapen sin. Den vaksne må vere engasjert og oppfinnsam for å vekkje interesse hjå dei barna som ikkje sjølv oppsøkjer læringssituasjonar.

I Natås barnehage vil vi fremme læring på tur og i naturen, i temaarbeid, forming og i samlingsstunder. Det viktigaste er å observere barns eigne interesser og engasjement gjennom heile dagn, slik at barnas eigen lærelyst er motivasjonen i læreprosessen.

### **Sosial kompetanse - vennskap og fellesskap**

«Barnehagen skal aktivt ligge til rette for utvikling av vennskap og fellesskap» Rp17:19

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å skape vennskap og ta del i fellesskapet på ein positiv måte. Barna skal støttes i sitt initiativ til samspel med andre og skape vennskap. Dei må og lære korleis ein beheldt venner. Personalet må støtte barn i å ta andre sitt perspektiv og sjå saker frå fleire sider. Her er kommunikasjon avgjerande, samt at barnet må føle seg verdifull og ha godt sjølvbilete.

«Personalet skal forebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelse og uheldige samspillsmønstre»(RP17:19) som ein del av arbeidet med sosial kompetanse i barnehage.

Gjennom arbeidet med DUÅ vil personalet i Natås barnehage ha stort fokus på relasjonsbygging mellom vaksne og barn og mellom barn og barn.

Vi vil systematisk arbeidet med sosial kompetanse gjennom leik og samhandling i små grupper, i samlingsstunder og i her- og no- situasjonar.

I tillegg til sosial kompetanse vil vi gjennom «DUÅ» styrke barns emosjonelle kompetanse, som omhandlar regulering av førelsar og problemløysings strategiar.

## Barns medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet» (Barnehageloven §3)

I omgrepet medverknad ligg det at barna, saman med andre skal få å påverke, delta og bidra til fellesskapet. Vi ønskjer at barna skal erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisste på at barna har ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medverknad som er tilpassa barnas alder, erfaringar, individuelle forutsetningar og behov.

Medverknad må ikkje forvekslast med medbestemmelse, som handlar om å vere med å bestemme kva og korleis ting skal skje. Barna skal få delta i sluttningssprosesser.

## Samarbeid mellom heim og barnehage

Eit godt samarbeid og ein god dialog mellom heimen og barnehagen er vesentleg for at barnet skal oppleve tryggleik og trivsel i barnehagen.

### Daglege møter

I kvar dagen er det møta ved henting og levering som utgjer den daglege kontakten. Barn og foreldre skal bli sett og møtt når dei kjem til barnehagen og nødvendig informasjon skal overleverast. Ved henting ønskjer vi å formidle litt av opplevingane barnet har hatt i løpet av dagen. Dersom det har oppstått spesielle hendingar vert det formidla i då eller via telefon i forkant. Er det noko spesielt de som foreldre ønskjer tilbakemelding på er de velkomen til å spørje.

### Foreldresamtalar

Barnehagen tilbyr 2 foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, ein på hausten og ein på våren. Samtalen er tenkt som ein tovegs samtale der ein utvekslar forventningar, ønskje og informasjon. Fleire samtalar utover dette kan avtalast med pedagogisk leiar.

### Foreldremøter

Barnehagen kallar inn til minimum 2 slike møter i løpet av barnehageåret, eit om hausten og eit om våren.

### Foreldrebesøk i barnehagen

Barnehagen ønskjer å invitere foreldra inn på besøk nokre gongar i løpet av barnehageåret. Av og til vert det på spesielle arrangement knyt til høgtider, eller på uformelle besøk for å sjå barnehagekvardagen.

### E-barnehage

Natås barnehage nyttar E-barnehage som er ein digital kanal mellom barnehage og foreldre. Her deler vi informasjon som planer, biletar, enkelt hendingar, HMS rutinar og dokumentasjon. Foreldre og barnehagen kan sende direktemeldingar gjennom kanalen. Dette verktøyet er godkjent av datatilsynet og varetar personvernet. Foreldre/føresette får tilgang til kanalen, når barnet startar i barnehagen.

## Foreldremedverknad

Foreldra kan påverke barnehagekvarldagen til barna gjennom direkte å kome med innspel og ønskjer til personalet i barnehagen, på årlege brukarundersøkingar eller på foreldremøta.

## Foreldreråd og samarbeidsutval

Desse ordningane skal ivareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet består av alle foreldra som har barn i barnehagen og skal fremme foreldra sine fellesinteresser til barnehagen. Foreldrerådet skal bli presentert for saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av 2 foreldre, valt på foreldremøte om hausten, og 2 tilsette samt styrar. Su har i vår barnehage ansvar for dugnad og sommarfest og dei godkjenner årsplan. Elles skal Su bli presentert for viktige saker som gjeld barnehagens innhald og verksemd. Foreldre kan melde inn saker til su, som dei ønskjer å ta opp med barnehagen.

## Overgangen frå barnehage til skule

Det siste året barna går i barnehagen vår er dei med i førskulegruppa. Ein dag i veka har dei eigen førskuletid der dei har eigne aktivitetar og prosjekt. Dei vil ha ei spesiell utflukt om våren og overnatte i barnehagen som ei avslutning på barnehagetida.

Vi har samarbeid med skulane som barna skal begynne på. Pedagogisk leiar og/eller styrar har overgangssamtaler med kontaktlæraren barna møter når dei begynner på skulen. Informasjonen som blir gitt er etter samtykke frå foreldra. Barnehageåret 2017-2018 har vi 8 førskulebarn i Natås barnehage, 2 gutter og 6 jenter.



## Tradisjonar i Natås barnehage

Kultur handlar om arv og tradisjonar, samt kreativitet og nyskaping. Vi ønskjer at både nasjonale og lokale kulturverdiar skal være representert i barnehage vår, og vi vil være opne for impulsar frå den globale verden. I vår barnehage har vi skapt våre eigne tradisjonar, som er prega av både det lokale, nasjonale og internasjonale:

**Oktober:** Haustakkefest og «Halloween a la Natås»

**November:** Gardsbesøk

**Desember:** Nissefest, Lucia, formidling av julebodskapen med besøk frå kyrkja (om det er muleg.)

**Februar:** Karneval, fastelavn og markering av samefolkets dag.

**Mars:** Markering av barnehagedagen

**April:** Gardsbesøk og gul påskelunsj

**Mai:** Førebuing til og markering av nasjonalldagen. Førskulebarna vert rosaruss!

**Juni:** Besøksdag for barn som skal begynne til hausten. Overnatting for førskulebarna og sommarfest

### Haustakkefest

Vi ønskjer å lære om og smake på noko av det naturen gjev oss om hausten. Vi avsluttar temaet med takkefest for markens grøde.

### Halloween

Vi lager vår lokale variant av halloween der vi har disco og kler oss ut som vi vil.

### Gardsbesøk

I løpet av barnehageåret har vi 2 gardsbesøk. 1 om hausten under kalvinga og eit om våren for å sjå på lamma.

### Nissefest

Ein dag i desember har vi nissefest for barn, foreldre og personalet. Vi et nissegraut, går rundt juletreet og får besøk av nissen.

### Kyrkjebesøk eller besøk av «kyrkja»

I løpet av desember inviterer vi prest/ kateket eller andre til barnehagen for å fortelje om kvifor vi feirar jul.

## **Luciadagen**

Vi vil markere luciadagen med luciatog og lussekatter.

## **Fastelavn**

Vi får kjennskap til tradisjonar kring fastelavn og kvifor vi markerer den.

## **Karneval**

Vi har karnevalsfest der både små og store kler seg ut og dansar til samba- takter.

## **Samefolketsdag**

Få kjennskap til nokre av samefolkets levesett og tradisjonar.

## **Påskelunsj**

Før påske har vi påskelunsj, med fargen gul som tema.

## **Nasjonaldagen vår**

Dei siste dagane før 17. mai markerer vi nasjonaldagen i barnehagen. Vi et tradisjonsmat, har aktiviteter og samtaler om kvifor vi feirar 17. mai.

## **Rosaruss**

Førskulebarna vert rosaruss. Dei får russehue og lagar russekort. I juni har dei ei eigen utflykt og dei overnattar i barnehagen.

## **Sommarfest**

Samarbeidsutvalet arrangerer sommaravslutning for barn med foreldre i juni.

## **Trafikksikker barnehage**

Natås barnehage er Trafikksikker barnehage 2016/2018. Dette inneberer at trafikkarbeidet er inkludert og synleggjort i det pedagogiske arbeidet og foreldresamarbeidet, samt HMS.

Natås barnehage vil arbeide med trafikk slik:

Barna vert kjend med trafikkreglar gjennom beltedyret Tarkus (Trygg Trafikk) eller Naffen (NAF). Her har vi fokus på desse tema



- trafikkreglar for fotgengrarar og trafikkskilt
- viktigheita av å bruke refleks og sykkelhjelm
- viktigheita av å bruke bilbelte og bilsete

Barnehagen forventar at foreldra ivareta barnas sikkerhet i bil ved levering og henting i barnehagen og ser på det som ein del av den daglege omsorga for barn. På barnehagens parkeringsplass må alle ryggparkere bilen, samt slå av motoren og ta ut nøkkelen. Det er heller ikkje ønskeleg at nokon parkerer framfor døra i barnehagen fordi det hindrar sikt og kan føre til ulykker.

Dette vert informert om på haustens foreldremøte.

Barnehagen stiller bestemte krav til transport av barn i barnehagens regi, både i buss og i privatbiler.

## Fagområda

Rammeplanen er delt inn i sju fagområder. «Barnehagen skal se fagområdene i sammenheng, og alle fagområdene skal være en gjennomgående del av barnehagens innhald» (Rp17:29). Arbeidet med fagområda tilpassast alder, modning og interesser. Innhald, metode, utstyr og organisering vert nytta i samsvar med barnets behov. Alle barn skal få kjenne mestring, men og møte utfordringar slik at dei oppnår utvikling og læring. Vi vil med dette presisere korleis barnehagen vil jobbe med fagområda dette barnehageåret.

### Kommunikasjon, språk og tekst

«Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagehverdagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og en helhetlig språkutvikling» (Rp17:19) Språk er viktig for å kunne kommunisere med andre. Barna skal få uttrykkje førelsar, tankar, meiningar og behov.

I Natås barnehagen ønskjer vi å tilby barna eit rikt og variert språkmiljø. Vi vil daglege samlingar der barna vil få oppleve bøker, song, rim, regler og formidling av historier. Personale vil vere bevisst sin rolle som språkmodeller ved å lytte, beskrive og samtale i det daglege, samt å oppmuntre barna til å leike med lyd, rim og rytme.

Dei faste gruppene som vert nytta kvar veke vil vere ein fin arena til å stimulerer til kommunikasjon og sikre at alle barn deltar i samtalen og samspelet.

Barnehagen vil nytta «Dialogisk lesing», Fonomagika, Språkleik, Språkkista m.m. i mindre grupper ved behov og styrkje ekstra dei barna som treng det.

**Mål:** Barna skal få oppleve eit språkstimulerande miljø både inne og ute

- bruke song, rim og regler som ein fast aktivitet i kvardagen.
- la barna møte eit mangfold av eventyr, forteljingar, historier
- la barna erfare ulike musikkaktiviteter med fokus på rim, lyd og rytme
- øve på å uttrykkje eigne behov på ein god måte

## Kropp, bevegelse, mat og helse

Barn leiker og lærer gjennom å vere kroppsleg aktiv. Barnehagen skal leggje til rette for at barna opplever glede og mestring gjennom bevegelse. Gjennom å medverke i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å ete sunn mat og få kjennskap til kvifor sunn mat er godt for kroppen. Vaner vert etablert tidleg, difor er det viktig at barna allereie i barnehagealder får gode vaner kring mat og fysisk aktivitet.

I Natås barnehage er vi mykje ute og på tur i skogen eller til gapahuken vår. Her får barna ferdes i ulendt terreng og med auke motoriske ferdigheter på ein naturleg måte. Nokre barn treng utfordringar som å klatre høgt opp i eit tre, medan andre synes den vesle tua er stor nok å forsere. Naturen gjev kvar og ein motoriske utfordringar og kroppsleg mestring. Vi vil og leggje vekt på å gje barna varierte sanseopplevelingar ute.

Vi lagar ofte mat på turdagane på bål eller grill. Der barna sjølv er med på at maten vert laga, kva den inneheldt og ser korleis maten blir til. Alle vert oppmoda om å smake på det vi lagar.

Vi nyttar den store salen vår til motoriske aktivitetar inne.

**Mål:** Barna skal få muligkeit til å nytte naturen til kroppslege utfordringar og få kjennskap til viktigeita av sunn mat.

- bruke naturen og «gymsalen» for å støtte opp om og vidareutvikle barnas grovmotoriske ferdigheter.
- introdusere barna for sunn og variert mat og motivere dei til å smake på nye matsortar
- få erfaringar med kva mat naturen gjev oss, gjennom markering av hausttakkefesten



## Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen må gje barna høve til å oppleve kunst og kultur og til å sjølv uttrykkje seg ved å ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Fagområdet gjeld mange uttrykksformer som til dømes biletkunst, kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og digitale uttrykk. Barna må få mulighet til å undersøke, eksperimentere og undre seg i dette fagområdet, der den kreative prosessen er viktigast.

**Mål:** Barna skal få mulighet til å oppleve musikk, drama og litteratur og dei skal få mulegheit til å nytta fantasi og skaparglede i møte med ulike formingsmateriale.

- gje barna skal få mulighet til å skape og å oppleve estetikk både ute og inne
- motivere barna til å uttrykkje seg gjennom skapande verksemd
- setje av tid og rom til dramatisering




## Natur, miljø og teknologi

«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar som fremmer evnen til å orientere seg i naturen til ulike årstider» (RP17:33).

I Natås barnehage vil vi bruke skogen og nærområde rundt som arena for leik og naturopplevingar. Vi vil bidra til at barna får gode minner og opplevingar ute, som dei kan ta med seg heile livet. Vi ønskjer å støtte barns vitebegjær og nysgjerrighet til dyr, plantar og fenomen i naturen.

**Mål:** Barna skal få mulighet til mangfoldige naturopplevingar og å bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring

- gje barna gode opplevingar med friluftsliv året rundt
- bidra til at barna får kjennskap til dyr, insekta og planteliv som er i området rundt barnehagen
- gardsbesøk om hausten og om våren



## Tal, rom og form

«Fagområdet omfatter lekende og undersøkende arbeid med sammenligning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, telling og måling» (RP17:34)

Barn er tidlig opptatt av tall og teljing og dei utforskar rom og form. Dei ser etter samanhengar og system. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse. Barnehagen skal bidra til at barna oppdagar og undrar seg over matematiske samanhengar.

**Mål:** Barna skal stimulerast til å undre seg, vise nysgjerrigkeit og utforske problemløsing og leikande tilnærming til sortering, samanlikning, orientering, former, mønster og teljing.

- Erfare størrelsar i omgivnaden og samanlikne desse
- Bruke matematiske omgrep i kvardagen
- Bruke bøker, spill, digitale verktøy, naturmateriale og leikar til å inspirere barna til matematisk tenking



## **Etikk, religion og filosofi**

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter vi oppfatter verden og mennesker på og preger verdier, normer og holdninger»(Rp17:35). Barnehagen skal bidra til at barna får ein forståing av at det fins mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på. Barn skal gjennom å samtale om og undre seg over essensielle spørsmål, få mulegheit til å reflektere, spørje og sjølv finne svar. Barnehagen kan med dette bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmeraft.

**Mål:** Barna skal støttes til å utvikle interesse og respekt for kvarandre og få ei begynnande forståing av verdien av ulikskap og likskap i eit fellesskap.

- få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar
- undre seg over etiske og filosofiske spørsmål

## **Nærmiljø og samfunn**

«Gjennom utforsking, opplevelser og erfaringer skal barnehagen bidra til å gjøre barna kjent med eget nærmiljø, samfunnet og verden» (Rp17:36). Barna skal få oppleve at dei er ein del av fellesskapet i barnehagen og i samfunnet elles. Barns medverknad i barnehagen skaper erfaringar som seinare kan sjåast i samanheng med eit demokratisk samfunn.

**Mål:** Barna skal erfare at deira val og handling kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre.

- utforske og stifte kjennskap til nærområdet gjennom turar og utflukter.
- få kjennskap til samisk kultur og levesett
- erfare at alle får utfordringar og mulegheit til å delta



## Vurdering

Barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar.

Informasjon og dokumentasjon skal gje grunnlag for refleksjon og diskusjonar i personalgruppa og med barn og foreldre. Resultata av vurderinga vert lagt til grunn for arbeidet med den neste årsplanen og skal sikre alle barn eit barnehagetilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Barnas trivsel og utbytte av barnehageopphealdet vert kontinuerleg vurdert gjennom dagleg observasjon og den daglege informasjonsutvekslinga med foreldra, saman med barnas eigne uttrykk.

## Dokumentasjon

### Minneperm

I barnehagen lagar vi ein perm til alle barna. Den inneholder blant anna biletar, teikningar og følgjer barna i heile barnehagetida. Permen er både tenkt som dokumentasjon for barnets utvikling og eit minne frå barnehagetida. Barnet får permen med seg heim når det sluttar i barnehagen.

### Bilete

Det blir tatt bilete av barna i barnehagen som pedagogisk dokumentasjon både til bruk i barnegruppa og i personalgruppa. Av og til legg vi bilete ut på e-barnehage slik at barn og foreldre kan sjå dei saman. Nokre gongar fortel eit biletet meir enn ord. Nokre av biletene vert sett inn i minnepermane. Foreldre kan reservere seg mot bildedeling ved å krysse nei på godkjenningskjema, samt å reservere seg på e-barnehage.

### Observasjon og kartleggings materiell

I barnehagen blir det brukt ulikt materiell og verktøy for å følgje barna si utvikling. Det vert nytta til å oppdage eventuelle områder som barnet treng styrking på. Det er med på å sjå den enkeltes behov slik at vi kan tilretteleggje best muleg for barnet og barnegruppa. Ved foreldresamtalane blir dette lagt fram saman med skjemaet for samtalene.

## Praktisk informasjon

### **Telefonnumre til barnehagen:**

**Styrar:** 90 95 52 74

**Lamungane:** 97 49 09 12

**Prestekrageren:** 96 90 09 13

**Turtelefon:** 96904762

### **E-postadresse:**

**natas.bhg@hotmail.com**

### **Opningstider:**

Barnehagen er open alle kvardagar frå kl. 0700-1630. Maksimum opphaldstid kvar dag er 9 timer. Dersom barna oppheldt seg utover dette, må ein betale 200,- pr. på begynt halvtime. Vi påpeikar at alle barn skal vere ute av barnehagen kl.16.30, då vert dørene låst. Ved henting etter stengetid kl.16.30 vil ein måtte betale for dette (200,- pr. på begynt halvtime pr. familie). Sjå barnehagens vedtekter.

Kjernetida er mellom kl.09.30 og kl.14.30. Vi ønskjer at barna skal vere komne i barnehagen før kl.09.30, sidan ein då set i gong med aktivitetar og turar. Det kan og vere vanskelegare for barnet å kome inn i barnegruppa om dei kjem lenge etter dei andre. Husk å sei frå til personalet når de kjem og når de går.

### **Ferieavvikling for barn**

Barna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår. Minimum 3 av desse vekene skal være samanhengande om sommaren. Sidan barnehagen er stengt dei to midtarste i juli, må barna anten ta fri veka før eller veka etter i tillegg. I år er barnehagen sommarstengt i veke 28 og 29

Barnehagen er stengt julafstan, nyttårsaftan og i romjula. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.

Barnehagen har fem planleggingsdagar fordelt over heile barnehageåret.

## Dagsrytme

Kl.7.00	Barnehagen opnar
Kl. 7.00-8.00	Frukost - felles på Lamungane
Kl. 8.00	Avdeling Prestekrageren opnar. Prestekrage -barna vert no levert her.
Kl.9.00	Turgruppa gjer seg klar til dagens aktivitet
Kl.9.30	Pedagogiske aktivitetar startar -turgruppa går.
Kl.11.00	Lunsj
Kl.11.30	Kviletid/ uteleik/ pedagogiske aktivitetar
Kl.14.00	Mellommåltid med frukt og knekkebrød
Kl. 14.30	Turgruppa kjem tilbake til barnehagen
Kl.16.00	Avdelingane er felles - ute eller inne.
Kl.16.30	Barnehagen er stengt

## Matservering

I barnehagen er det smøremåltider til frukost og lunsj. På ettermiddagen blir det servert ulike frukt og grønsaker, samt mulighet for knekkebrød for dei som treng litt meir i magen. Barna kan ha med seg yoghurt til frukost om ein vil. Kvar avdeling har eitt varmt måltid i veka som ofte vert laga ute på tur. Elles prioriterer vi å gje barna tilgang til variert fiskepålegg til smøremåltida. Barnehagen ønskjer å være med på å formidle eit sunt kosthold ved måltida våre. Når barna har bursdag kan dei velje mellom smoothie eller fruktsalat til mellommåltidet. Foreldra treng difor ikkje ta med noko ved bursdagsfeiringar.

## Sjukdom og helse

Føresette har ansvar for å informere om spesielle forhold ved barnet si helse som kan ha betydning opphaldet i barnehagen. Barnehagen avgjer om barnet er frisk nok til å opphalde seg i barnehagen. Ved smittsam sjukdom i heimen skal barnehagen varslast. Før eit barn begynner i barnehagen skal det leggjast fram erklæring om barnets helse, jamfør barnehageloven § 25. Skjema om helseopplysningar må alle fylle ut. Medisinering av barn under opphold i barnehagen er føresette sitt ansvar. Barnehagen kan inngå eigen avtale med føresette om medisinering av barn.

Ved allergiar og sjukdommar vert det tilrettelagt så godt som muleg. Ved sjukdom elles ber vi dykk ikkje sende barn med redusert allmenntilstand i barnehagen. Har barnet feber må det vere feberfri eit døgn og ved oppkast og/eller diaré må det gå 48 timer etter siste symptom før barnet kan kome i barnehagen igjen. Er personalet i tvil om barnas form, ringjer vi og rådfører oss med heimen.

## Diverse informasjon

- Merk alt tøy som barna bruker i barnehagen. Sørg for at barna til ei kvar tid har skiftetøy og rett tøy til årstidene. Det er foreldra sitt ansvar å sjå til at yttertøy og sko er tørre og klar til neste dag. Dette betyr mykje for barnet!
- Barnehagen treng beskjed om endring i bustadadresse og nytt telefonnummer slik at vi alltid har mulighet til å nå dykk. Dette kan foreldra sjølv registrere i ebarnehage.
- Barnehagen nyttar dataprogram for å registrere personopplysningar om barn og barnas føresette. Opplysningane vert blant anna brukt som grunnlagsdata for søknader om offentlig støtte. Opplysningane behandlas konfidensielt.
- Er det andre enn foreldra som skal hente/levere i barnehagen, skal barnehagen ha beskjed om det.
- Barnehagen har ein samla årsplan for heile barnehagen. Kvar avdeling vil i tillegg utarbeide månadsbrev som tar utgangspunkt i årsplanen. Her spesifiserast det meir korleis kvar avdeling skal jobbe i dei ulike månadane, samt gje meir konkret informasjon som gjeld den enkelte avdeling. I tillegg vert det sendt ut vekebrev på e-barnehage.

## Samarbeid med andre instansar

I nokre tilfelle er det behov for å samarbeide med hjelpeinstansar som PPT, barnevern, helsestasjon m.m. Dette er dersom barnehagen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å støtte og hjelpe barn som treng det. Samarbeidet skjer i samråd med foreldra dersom det gjeld enkeltbarn.

## Praksisbarnehage

Natås barnehage er praksisbarnehage for NLA Høgskulen sine barnehagelærarstudentar. Det inneberer at vi i fleire periodar har studentar som skal ha praksis i barnehagen vår. Det vil komme nærmare informasjon i månadsbreva. Vi ser på dette som ein ekstra ressurs for barna og personalet.

## Barnehageruta 2017/2018

AUGUST	Tysdag 15	Planleggingsdagar for personalet. Barnehagen er stengt.
OKTOBER	Veke 41	Skulen sin haustferie. Barnehagen er open.
NOVEMBER	Fredag 10	Planleggingsdag for personalet. Barnehagen er stengt.
DESEMBER	Fredag 22	Siste barnehagedag før jul. Barnehagen er stengt i romjula.
JANUAR	Tysdag 2 <b>Obs! Ulik skuleruta</b>	Planleggingsdagar for personalet. Barnehagen er stengt.
	Onsdag 3	Første barnehagedag etter nyttår.
FEBRUAR	Fredag 2	Planleggingsdag for personalet. Barnehagen er stengt.
	Måndag 26 - 2. mars	Skulen sin vinterferie. Barnehagen er open.
MARS	Onsdag 28	Siste dag før påske. <b>Barnehagen stenger kl.12</b>
APRIL	Tysdag 3	Første barnehagedag etter påske
MAI	Tysdag 1	Arbeidarens fridag Barnehagen stengt
	Torsdag 10	Kristi himmelfartsdag - barnehagen er stengt.
	Torsdag 17	Nasjonaldagen vår - barnehagen har stengt.
	Fredag 18	Planleggingsdag for personalet. Barnehagen er stengt.
	Måndag 21	2. pinsedag Barnehagen er stengt.
JULI	Veke 28 og 29	Barnehagen er sommarstengt.